



Miljøverndepartementet

Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

HØYRING – FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINJER FOR FORVALTNING AV STRANDSONA. UTTALE FRÅ TYSVÆR KOMMUNE.

Tysvær formannskap behandla sak om nemnde retningslinjer 01.09.2009 og vedtok å oversende følgjande samrøystes fråsegn:

1. Tysvær formannskap oppfattar forslaget til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen slik at Tysvær kommune vil miste meir av råderetten over eigne areal. Formannskapet meiner at prinsippet om lokal råderett må vernast om så langt råd, då kommunane sit med lokalkunnskap både om kulturlandskap og næringsliv og sjølv er best i stand til å vurdere kva som er ei berekraftig utvikling i dei ulike delane av kommunen.
2. Tysvær kommune meiner det er feil å plassere kommune i kategorien "sentrale områder der presset på arealene er stor". Tysvær er ein vidstrakt kommune med 22 mil strandlinje kor ca. 25% har ein eller anna form for bebyggelse i strandsona.
3. Formannskapet vil sterkt åtvare mot å innføre retningslinjer som medfører ulik praksis i nærliggande kommunar i Ryfylke-bassenget. Slik ulikskap blir det umogleg å praktisere på ein måte som blir forstått og oppfatta som rettferdig i ein lokal samanheng.

Kommunen ser på dette som ei svært viktig sak og vil difor også ta saka opp i kommunestyret (15.09).

Med helsing

Arild Karlsen
komm.utv.sjef

Norvald Haukås
avd. ingeniør

Vedlegg: Utskrift, fsk-sak 109/09

Dato: 25.08.2009
Saksnr.: 2009/1070
Løpenr.: 19391/2009
Arkiv: L10
Sakshandsamar: Norvald Haukås

HØYRING: FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINJER FOR STRANDSONA

Saksnr	Utval	Møtedato
109/09	Formannskapet	01.09.2009
	Kommunestyret	15.09.2009

SAKSUTGREIING:

1. Bakgrunn

Miljøverndepartementet har sendt til høyring eit forslag til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Høyringsfrist er sett til 04.09.2009.

Bakgrunnen ligg i ny plan- og bygningslov. Forbodet mot bygging i strandsona er strama inn, likeeins reglane for å dispensere. Ved behandling av lova vart det sett som ein føresetnad at statlege planretningslinjer skulle utarbeidast.

Formålet er med retningslinjene skal vere å hindre uheldig nedbygging i 100-m-beltet, samtidig som det skal leggjast til rette for berekraftig lokal utvikling basert på ulike natur- og kulturgitte forhold.

Oslofjordregionen har sine retningslinjer frå før (RPR). Dei skal framleis gjelde. Men verknadsområdet blir nå utvida til å gjelde heile kysten rundt Sørlandet, 14 kommunar i Rogaland, 15 i Hordaland, 3 i Møre og Romsdal, 10 i Sør-Trøndelag og 6 i Nord-Trøndelag.

I resten av kystkommunane i landet blir presset oppfatta som mindre, og dei får difor planretningslinjer som er noko mindre strenge.

Tysvær er kommen med i den strengaste kategorien. Dei andre Rogalandskommunane som er der er Haugesund, Karmøy, Rennesøy, Finnøy, Strand, Randaberg, Sola, Stavanger, Sandnes, Klepp, Hå, Eigersund og Sokndal.

2. Retningslinjene

Dei statlege retningslinjene gjeld for alt areal i 100 m-beltet. Det meste av innhaldet gjeld i praksis også i dag, det handlar mykje om vektleggjing. Nokre av omsyna som blir framheva er:

- Verdiar som gjeld natur, kulturminne og rekreasjon skal forvaltast som ein ressurs av nasjonal interesse.
- Utbygging bør så langt som mogleg konsentrerast til eksisterande tettstader. Grunnlaget for allmenn rekreasjon skal sikrast og styrkjast.
- Arealet i 100 m-beltet skal inndelast i 3 kategoriar, og dette bør gjerast i kommuneplanen:
 1. **Byggjeområde:** Bustader, næringsbygg og tilhøyrande bygningar og anlegg bør leggjast til eksisterande tettstader. Vektleggje samanhengande grøntstruktur. Klare grenser mellom byggjeområde og område der det ikkje skal byggjast.
 2. **Opne område:** Her skal det vere ei langsiktig forvaltning som dannar grunnlag for landbruk, vern og allmenn rekreasjon.
 3. **Strandsona:** (Her avgrensa til område i overgang sjø/land, og areal med bruksmessig eller økologisk direkte tilknytning til det.) Omsyn til allmenn rekreasjon skal vektleggast sterkt i forhold til bustad- og fritidseigedommar. I soner med høg biologisk produksjon, som gruntvassområde, verdifulle biotopar, spesielle landskapsområde etc, skal omsynet til naturmiljø vektleggast sterkt i forhold til friluftsliv og båtferdsel. Kollektive ferieanlegg skal nøye tilpassast lokale forhold. Oppføring av nye fritidshus bør som hovudregel ikkje tillastast.

4. Retningslinjer i kommunar der det er mindre press (resten av landet)

For desse kommunane er vektlegginga noko annleis. Her vil kommunane i større grad kunne planleggje utbygging også i 100 m-beltet. Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, f eks satsing på reiseliv og turisme, skal kunne tilleggjast større vekt, sjølv om ein også her må vege det opp imot allmenne interesser.

5. Rådmannen si vurdering

Dei nye retningslinjene inneber for kommunar som kjem i den strengaste kategorien at dei misser meir av råderetten over sine egne areal. Dette er bekymringsfullt, fordi kommunane sit med lokalkunnskap både om kulturlandskap og næringsliv. Rådmannen meiner at prinsippet om lokal råderett må vernast om så langt råd, og at kommunane i utgangspunktet sjølv er best i stand til å vurdere kva som er ei berekraftig utvikling i dei ulike delane av kommunen.

Dersom retningslinjene blir vedtekne, slik det nå blir lagt opp til, får det svært negative konsekvensar for Tysvær som er ein vid og mangfaldig kommune. Vi har både bynære strøk og utkantar med tradisjonelle distriktsproblem. Minst 2/3 av strandlinja tilhøyrer utkantområde der ein slit med spinkelt næringsliv og avfolkning. Det er difor vanskeleg å sjå gode grunnar til at Tysvær skal sidestilla med andre kommunar / område med vesentleg sterkare utbyggingspress.

Rådmannen vil vidare peike på at Ryfylke-bassenget er eit felles fjordområde for mange kommunar. Å operere med ulike retningslinjer rundt bassenget vil verke uforståande og kompliserande. Dette vil det vere svært viktig å unngå, då slik ulikskap blir umogleg å praktisere på ein måte som blir forstått og oppfatta som rettferdig i ein lokal samanheng.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK, 26.08.2009:

1. Tysvær formannskap oppfattar forslaget til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen slik at Tysvær kommune vil miste meir av råderetten over egne areal. Formannskapet meiner at prinsippet om lokal råderett må vernast om så langt råd, då kommunane sit med lokalkunnskap både om kulturlandskap og næringsliv og sjølv er best i stand til å vurdere kva som er ei berekraftig utvikling i dei ulike delane av kommunen.
2. Formannskapet vil sterkt åtvare mot å innføre retningslinjer som medfører ulik praksis i nærliggande kommunar, og ser ingen grunn til å ha ulike retningslinjer i Ryfylke-bassenget. Slik ulikskap blir det umogleg å praktisere på ein måte som blir forstått og oppfatta som rettferdig i ein lokal samanheng.

Arvid S. Vallestad
rådmann

Arild Karlsen
kommuneutviklingssjef

BEHANDLING I FORMANNSKAPET -01.09.2009

Framlegg frå Høyre v/Arvid Stokkenes om nytt pkt. 2:

Tysvær kommune meiner det er feil å plassere kommune i kategorien "sentrale områder der presset på arealene er stor". Tysvær er ein vidstrakt kommune med 22 mil strandlinje kor ca. 25% har ein eller anna form for bebyggelse i strandsona.

Framlegg frå ordførar om endring i rådmannen sitt framlegg til pkt. 2 (som blir pkt. 3):
Setninga "og ser ingen grunn til å ha ulike retningslinjer"

Prøveavrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til pkt. 1:

Samrøystes

Arvid Stokkenes (H) sitt framlegg til pkt. 2:

Samrøystes

Rådmannen sitt framlegg til pkt. 2 m/ending (blir pkt. 3)

Samrøystes

Endeleg avrøysting:

Formannskapet tilrår samr. at kommunestyret vedtar rådmannen sitt framlegg med endringar gjort av formannskapet.

Vedlegg:

Statlege planretningslinjer

(Utkast dat 29.07.2009)